



Borgund Utvikling

Styremøte 2-2023

04.05.23

Deltagere:

Kjell Rune Humborstad

John Bøthun Liøen

Øyvind Hauge Horge

Ikkje til stade:

Ronja Brattebø

Solgun Haugen

Torbjørn Kirkevold

Morten Ørbeck Mo

Sak 1: Gjennomgang forrige møtereferat

Ferdig

Sak 2: Støtte til 17.mai-komiteen.

Søknad om støtte på kr.500,-

Innvilga med atterhald om at ein nyttar den lokale butikken.

Sak 3: Førebels forsamlingslokale.

Innspel frå Postaabneriet Pub&Café der ein skisserar ein "plasthall" for å kunne oppretthalda dei årlege aktivitetane som VM i rakafisk, VM i pingpong og anna.

Styret i Borgund Utvikling ser særst positivt på eit slikt tiltak då ein ser på desse årlege eventane som viktige for bygdi. BU stiller seg positiv til å bidra med logistikk og anna.

Sak 4: Etablering av merch-sal frå næringsdrivande i Borgund.

BU har vore i kontakt med dagleg leiar på Nærbutikken Borgund der ein snakkar om å selja caps og t-shirts frå BU sin kleskolleksjon. Dagleg leiar er positiv, og dette vil me mest truleg få opp å gå i løpet av sommaren.

Vidare vil puben og stavkyrkjesenteret vera naturlege lokasjonar for sal av merch. Der vil me etablere kontakt i løpet av kort tid.

Sak 5: Profilering av merch.

Bruk av reklame og modellar knytt opp mot Vindhellavegen, stavkyrkja og andre flotte plassar med mål om å profilere klede med Borgund. Jo fleire som går uniformert med Borgund på seg, jo bedre er det.

Sak 6: Borgundathlon/duathlon (sykling og springing).

BU diskuterar eit idrettsarrangement der ein sykklar og spring på dei historiske vegane i bygdi. Dette ynskjer me å arrangere på seinsommaren (mest truleg august), dog dette er tidleg i planleggingsstadiumet.

- må snakka med Røde Kors.
- henta informasjon om arrangement av denne type konkurranse frå personar med erfaring omkring dette.
- freista å få til ein bra medieproduksjon omkring dette. God reklame for bygdi.
- få til eit samarbeid med nærbutikk og pub.

Sak 7: Trafikktryggleiksplan.

Felles folkemøte med FAU i samband med trafikktryggleiksplan 9.mai 2023 i kommunehuset.

Sak 8: Blomar i sentrum.

Blomsterkassar, blomar i sentrum, samt ved kommunehuset for å pynta opp sentrum.

Sak 9: Oversikt over aktivtetar, lag og foreningar i Borgund.

- Borgund Utvikling lagar liste. Denne er framleis under utvikling.
- Til informasjon for nytilflytta borgjinder. Done med QR-kode. Blir kobla opp til Borgund.info for å gje dei nytilflytta ei oppdatert liste over tilbod sånn at den fyrste tida vert best mogleg.

Sak 10: Diverse informasjon.

- 5.august vert det 25 årsjubileum på Postaabneriet Pub & Café. Utescene, live musikk, m.m.
- Årdal dartklubb arrangerer turnering i kommunehuset i slutten av august. Puben har servering.
- Det ryktast frå 17.mai - komiteen at det vert arrangement i år òg.

Saker på vent:

- Sentrumsprosjekt

For styret

John Bøthun Liøen